



Innkalling av Kommunestyret

Møtedato: 15.06.2023
Møtestad: Kommunestyresalen, Flodmaal
Møtetid: 10:00 - 15:00

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
027/2023	Godkjenning av innkalling og saksliste
028/2023	Godkjenning av møteprotokoll
029/2023	Referatsaker
030/2023	Orienteringssaker
031/2023	Årsmelding og rekneskap 2022
032/2023	Økonomirapportering pr 1. tertial 2023
033/2023	Kyrkjelydstomta på Mo gnr.76 bnr. 99 - moglegheitsstudie/skisseprosjekt
034/2023	Turveg - Dagsturhytta
035/2023	Møteplan haust 2023

7. juni 2023

Kjetil Eikefet
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/192

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
027/2023	Kommunestyret	PS	15.06.2023

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/192

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
028/2023	Kommunestyret	PS	15.06.2023

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 11.05.2023

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/192

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
029/2023	Kommunestyret	PS	15.06.2023

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
029/2023.1	Arealplanlegging i sjø og behov for endring i plan- og bygningslova
029/2023.2	Møteprotokoll frå Modalen kontrollutval 03.05.2023
029/2023.3	Ny selskapsorganisering i NGIR - vedteken i representantskapet
029/2023.4	Protokoll 2-2023 Regionrådet Nordhordland torsdag 20. og fredag 21. april
029/2023.5	Signert protokoll for representanskskapsmøte 02.06.23
029/2023.6	Stølsheimen verneområdestyre, møteprotokoll 28.04.2023

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/192

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
030/2023	Kommunestyret	PS	15.06.2023

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FE-212	22/204

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
026/2023	Formannskapet	PS	06.06.2023
031/2023	Kommunestyret	PS	15.06.2023

Årsmelding og rekneskap 2022

Forslag til vedtak:

Modalen kommune sin årsmelding og årsrekneskap for 2022 vert godkjent slik dei ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen og årsmeldinga, jfr Kommuneleva § 14-2 bokstav b.

Formannskapet gjev innstilling til vedtak om årsmelding og årsrekneskap. Kontrollutvalet skal gje fråsegn om årsmelding og årsrekneskap før formannskapet gjev innstilling til vedtak, jfr Kommuneleva § 14-3, 3. ledd.

Vurdering

Driftsrekneskapen er avslutta med eit netto driftsresultat på kr 8,75 millionar. Rekneskapen er saldert mot disposisjonsfond. Det e ikkje noko meirforbruk som vert framført til inndecking i seinare år.

Investeringsrekneskapen er avslutta, fullt finansiert innanfor gjeldande løyvingar, og ingen udekka beløp som skal dekkast seinare år.

Det vert vist til vedlagte rekneskaps- og årsmeldingsdokument for 2022, revisjonsmelding og – rapport frå Vestlandsrevisjon IKS, samt utskrift frå Kontrollutvalet si handsaming av saka, og deira uttale til årsmelding og årsrekneskap.

Konklusjon

Det vert tilrådd at Modalen kommune sin årsmelding og årsrekneskap for 2022 vert godkjent slik dei ligg føre.

Formannskapet - 026/2023

FOR - behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om rekneskap og årsmelding for 2022, med særleg fokus på:

- Resultat 2022 er på kr 8,8 mill

- Resultat mot budsjett, med negativt avvik på kr 1,9 mill
- Utvikling av korr. netto driftsresultat; gjennomsnitt dei siste 10 åra er kr 4,97 mill
- Disposisjonsfond; det har vore ein negativ utvikling i disposisjonsfond og utanfor den langsiktige målsetjinga
- Lånegjeld per 31.12.22 er på kr 60,6 mill og innanfor målsetjinga om maks 60 %
- Ferdigstilling av investeringprosjekt for nytt kommunehus Flodmaal; ferdig innanfor rammeløyvinga
- 2022 er siste år med konsesjonskraftinntekt.

Det var spørsmål frå formannskapet om auka kostnader kring interkommunale samarbeid, og rådmann orienterte kort om pågåande utviklingsarbeid her mellom anna knytt til;

- digitalisering og informasjonssikkerheit
- interkommunal avtale om legevaktssamarbeid
- IktNh

Det var drøfting i formannskapet omkring kostnadsutt eller inntektsauke, t.d. tiltak som kan gje varig inntekt, medlemskap i ikkje-lovpålagte tenester eller sal. Det var spørsmål kring moglegheiten for kjøp av kommunale bustader.

Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Modalen kommune sin årsmelding og årsrekneskap for 2022 vert godkjent slik dei ligg føre.

Vedlegg:

Årsmelding 2022 Modalen kommune

Rekneskapsdokument 2022 Modalen kommune

Vestlandsrevisjon IKS - revisjonsmelding Modalen kommune 2022

Vestlandsrevisjon IKS - revisjonsrapport Modalen kommune 2022

Kontrollutvalet - møteutskrift og uttale til årsmelding og årsrekneskap 2022

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad		23/182

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
027/2023	Formannskapet	PS	06.06.2023
032/2023	Kommunestyret	PS	15.06.2023

Økonomirapportering pr 1. tertial 2023

Forslag til vedtak:

Driftsbudsjettet for 2023 vert justert i tråd med kolonna Justering i Løyvingsoversyn – drift, under:

			Jan-april	
	Justering	Prognose	Rekneskap	Justert budsj
Løyvingsoversyn - drift	2023	2023	2023	2023
Rammetilskudd	26 200 000	26 000 000	10 764 071	25 400 000
Inntekts- og formueskatt	14 300 000	14 300 000	11 110 557	14 233 000
Eiendomsskatt	26 560 000	26 560 000	13 282 435	26 100 000
Andre generelle driftsinntekter	25 100 000	25 078 000	2 119 500	21 890 000
Sum generelle driftsinntekter	92 160 000	91 938 000	37 276 563	87 623 000
Sum bevilgninger drift, netto	85 865 971	87 214 885	33 386 181	79 150 505
Avskrivninger	7 668 000	7 668 000	0	7 700 000
Sum netto driftsutgifter	93 533 971	94 882 885	33 386 181	86 850 505
Brutto driftsresultat	-1 373 971	-2 944 885	3 890 382	772 495
Renteinntekter	400 000	400 000	144 173	366 300
Gevinst på finansielle omløpsmidl.	500 000	500 000	0	200 000
Renteutgifter	3 100 000	3 100 000	1 044 907	2 870 100
Avdrag på lån	2 500 000	2 500 000	1 145 960	2 500 000
Netto finansutgifter	-4 700 000	-4 700 000	-2 046 694	-4 803 800
Motpost avskrivninger	7 668 000	7 668 000	0	7 700 000
Netto driftsresultat	1 594 029	23 115	1 843 688	3 668 695

			Jan-april	
Disponering eller dekning	Justering	Prognose	Rekneskap	Justert budsj

av netto driftsresultat	2023	2023	2023	2023
Overføring til investering	4 524 000	4 524 000	0	4 524 000
Avs til bundne driftsfond	24 800	24 800	66 252	24 800
Bruk av bundne driftsfond	-121 600	-121 600	-86 447	-121 600
Avs til disp fond	6 465 500	6 465 500	0	8 636 396
Bruk av disp fond	-9 298 671	-10 869 585	0	-9 394 901
Sum disponering	1 594 029	23 115	1 843 688	3 668 695

			Jan-april	
Løyving pr budsjettområde:	Justering	Prognose	Rekneskap	Justert budsj
	2023	2023	2023	2023
Rådmannen/sentraladm	16 900 000	17 124 437	8 588 595	16 786 437
Kultur	2 500 000	2 574 575	748 915	2 174 575
Næring	4 299 701	4 299 701	949 790	4 299 701
Sosial og barnevern	4 800 000	4 833 750	1 032 478	1 915 980
Skule	13 500 000	13 685 500	4 886 676	13 385 500
Barnehage	6 550 000	6 660 410	2 183 053	6 780 410
Pleie og omsorg	21 200 000	21 424 875	6 763 189	17 124 875
Kommunelege	8 850 000	8 882 049	3 266 751	8 632 049
Teknisk	16 500 000	16 963 318	5 942 289	15 173 318
Sentrale postar	-10 303 730	-10 303 730	-1 385 100	-8 192 340
Småinvesteringar	1 070 000	1 070 000	409 545	1 070 000
	85 865 971	87 214 885	33 386 181	79 150 505

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmannen legg fram sak om økonomistoda pr 1. tertial 2023. Rapporten er basert på rekneskapen for månadane januar – april. På grunnlag av rekneskapen pr 30. april, og det me veit og ventar om utviklinga vidare, er det gjort vurderingar samt laga prognosar for heile budsjett-/rekneskapsåret 2023.

Vurdering

SAMANDRAG

Hittil i 2023 er det gjort 2 vedtak i kommunestyret som påverkar budsjettvedtaket som vart gjort i desember. Desse vedtaka er gjort i KS-sak 008/23 og KS-sak 024/23.

KS-sak 008/23:

Løyving til tilskot frå næringsfondet er auka med kr 1,5 millionar, finansiert med bruk av

næringsfondet.

KS-sak 024/23:

Omdisponering av investeringsmidlar til å finansiere meirutgift knytt til bowling på Bryggjeslottet og ventilasjonsanlegg på Modalstunet. Vedtaket omfattar òg justering av småinvesteringar i drifta. Nettoeffekt av endringane er auka bruk av disposisjonsfondsmidlar med kr 596 000.

Prognose

Netto driftsresultat:

Gjennomgang av utgift og inntekt pr 30. april og venta utvikling resten av året, syner ein nettoeffekt med mykje større auke i utgift enn inntekt. Dette påverkar venta netto driftsresultat negativt, og påverkar utviklinga i disposisjonsfondsmidlar negativt.

I budsjettvedtaket var netto driftsresultat for 2023 budsjettert til kr 4,87 millionar. Med endringane i sak 008/23 og 024/23 vart venta netto driftsresultat redusert til kr 3,67 millionar.

På bakgrunn av prognosane som er laga for heile 2023 er netto driftsresultat venta å reduserast til kr 23 000, altså svært nære null.

Disposisjonsfond:

Eit driftsresultat som prognosane syner får konsekvensar for disposisjonsfondsmidlane. Til tross for gode driftsresultat har midlane gått nedover dei siste åra, og me ligg ved utgangen av 2022 på om lag kr 5 millionar i disposisjonsfondsmidlar. Målsetjinga på nivået på disposisjonsfondsmidlane er fastsett til 10 % av årleg driftsinntekt. Budsjettert driftsinntekt for 2023 er om lag kr 112 millionar, og samla disposisjonsfondsmidlar skulle såleis vore over kr 11,2 millionar ved utgangen av året for å tilfredsstille den målsetjinga.

Med eit driftsresultat på om lag kr 0, vil disposisjonsfondsmidlane reduserast til om lag kr 0,6 millionar. Dette er eit svært lågt nivå, langt under målsetjinga, og me har svært liten buffer for eventuelle ytterlegare avvik/meirutgifter.

Framlegg om justering

I denne saka vert løyvingar og inntektspostar tilrådd justert for å ha eit mest mogleg realistisk budsjett i høve til gjeldande drift. Det vert tilrådd noko innstramming på løyvingane for å kunne få eit betre driftsresultat enn prognosane tilseier, samt å kunne ha meir igjen i disposisjonsfondsmidlar ved årsslutt. Sjå meir om framlegg til justeringar til slutt i saksframlegget under Konklusjon, samt Framlegg til vedtak.

LØYVINGSOVERSYN DRIFT

		Jan-april			Heilår
	Prognose	Rekneskap	Justert budsj	Budsjett	Rekneskap
Løyvingsoversyn - drift	2023	2023	2023	2023	2022
Rammetilskudd	26 000 000	10 764 071	25 400 000	25 400 000	22 020 086
Inntekts- og formueskatt	14 300 000	11 110 557	14 233 000	14 233 000	15 499 409
Eiendomsskatt	26 560 000	13 282 435	26 100 000	26 100 000	21 615 317
Andre generelle driftsinntekter	25 078 000	2 119 500	21 890 000	21 890 000	22 483 843
Sum generelle driftsinntekter	91 938 000	37 276 563	87 623 000	87 623 000	81 618 655
Sum bevilgninger drift, netto	87 214 885	33 386 181	79 150 505	77 950 505	69 582 142
Avskrivninger	7 668 000	0	7 700 000	7 700 000	7 785 382
Sum netto driftsutgifter	94 882 885	33 386 181	86 850 505	85 650 505	77 367 524
Brutto driftsresultat	-2 944 885	3 890 382	772 495	1 972 495	4 251 131
Renteinntekter	400 000	144 173	366 300	366 300	498 426
Gevinst på finansielle omløpsmidl.	500 000	0	200 000	200 000	207 613
Renteutgifter	3 100 000	1 044 907	2 870 100	2 870 100	1 489 268
Avdrag på lån	2 500 000	1 145 960	2 500 000	2 500 000	2 499 990
Netto finansutgifter	-4 700 000	-2 046 694	-4 803 800	-4 803 800	-3 283 219
Motpost avskrivninger	7 668 000	0	7 700 000	7 700 000	7 785 382
Netto driftsresultat	23 115	1 843 688	3 668 695	4 868 695	8 753 294

		Jan-april			Heilår
Disponering eller dekning	Prognose	Rekneskap	Justert budsj	Budsjett	Rekneskap
av netto driftsresultat	2023	2023	2023	2023	2022
Overføring til investering	4 524 000	0	4 524 000	3 628 000	11 785 827
Avs til bundne driftsfond	24 800	66 252	24 800	24 800	353 920
Bruk av bundne driftsfond	-121 600	-86 447	-121 600	-121 600	-783 536
Avs til disp fond	6 465 500	0	8 636 396	8 636 396	7 598 405
Bruk av disp fond	-10 869 585	0	-9 394 901	-7 298 901	-10 201 322
Dekning av tidligere års merforbruk					
Sum disp/dekning av netto driftsresultat	23 115	-20 195	3 668 695	4 868 695	8 753 294
		Jan-april			Heilår
Løyving pr budsjettområde:	Prognose	Rekneskap	Justert budsj	Budsjett	Rekneskap
	2023	2023	2023	2023	2022
Rådmannen/sentraladm	17 124 437	8 588 595	16 786 437	16 786 437	5 926 017
Kultur	2 574 575	748 915	2 174 575	2 174 575	1 962 577
Næring	4 299 701	949 790	4 299 701	2 799 701	2 238 484
Sosial og barnevern	4 833 750	1 032 478	1 915 980	1 915 980	2 746 600
Skule	13 685 500	4 886 676	13 385 500	13 385 500	11 906 598
Barnehage	6 660 410	2 183 053	6 780 410	6 780 410	5 287 882
Pleie og omsorg	21 424 875	6 763 189	17 124 875	17 124 875	19 660 595
Kommunelege	8 882 049	3 266 751	8 632 049	8 632 049	8 161 165
Teknisk	16 963 318	5 942 289	15 173 318	15 173 318	16 796 344
Sentrale postar	-10 303 730	-1 385 100	-8 192 340	-8 192 340	-5 749 203

Småinvesteringar	1 070 000	409 545	1 070 000	1 370 000	645 083
	87 214 885	33 386 181	79 150 505	77 950 505	69 582 142

SENTRALE INNTEKTSPOSTAR

Skatt og rammetilskot

Me har oppdatert prognose over samla inntekt frå skatt og rammetilskot på bakgrunn av KS sin prognosemodell for skatt og rammetilskot etter Revidert nasjonalbudsjett for 2023.

- Budsjett 2023 kr 55,6 millionar
- Prognose 2023 kr 55,9 millionar

Eigedomsskatt

Utskriven eigedomsskatt for 2023 medfører ei inntekt som er noko høgare enn i budsjettvedtaket.

- Budsjett 2023 kr 26,10 millionar
- Prognose 2023 kr 26,56 millionar

Andre generelle driftsinntekter

På denne posten inntektsførast konsesjonsavgift, naturressursskatt og integreringstilskot. Meirinntekt knyt seg til integreringstilskot som ikkje er med i opprinneleg vedteke budsjett. Førabels prognose kr 3 578 000, som reduserast grunna redusert naturressursskatt.

- Budsjett 2023 kr 21 890 000
- Prognose 2023 kr 25 078 000

Prognosen er sett saman slik: Konsesjonsavgift kr 5,9 millionar, naturressursskatt kr 15,6 millionar og integreringstilskot kr 3, 578 millionar.

Finanspostane

Rentenivået har auka vidare i 2023 etter svært stor auke i løpet av 2022. Pr 1.1. 2022 låg 3 månaders

Nibor-rente på om lag 1,0 %, og var pr 1.1.2023 auka til 3,26 %. Pr 24. mai i 2023 er den auka vidare til 3,82 %.

Venta renteutgift 2023 er rekna til om lag kr 3,1 millionar, avdragsutgift til kr 2,5 millionar, og rente-/avkastningsinntekt til om lag kr 900 000.

I forhold til 2022 ventar me såleis meir enn ein dobling av renteutgiftene, medan avdragsutgift er rekna til same nivå som i fjor. Når det gjeld rente- og avkastningsinntekt ventar me ein auke knytt til renteauke, men denne avgrensast av reduserte midlar som gjev renteinntekt/avkastning.

- Budsjett 2023 Netto finansutgift kr 4,8 millionar
- Prognose 2023 Netto finansutgift kr 4,7 millionar

BUDSJETTOMRÅDA SOM KOMMUNESTYRET HAR GJEVE NETTOLØYVINGAR TIL

I samband med 1. tertialrapport har utgift og inntekt for alle budsjettområda vorte gjennomgått. Påløpt utgift og inntekt har vorte vurdert, og det har vorte laga prognosar for heile året som samanstillast med årsbudsjettet. Lønsutgiftene i 2023 vert merkbart påverka av høgt lønsoppgjer, der lønspåslaga i snitt ligg rundt 5,7 %. Med verknadstidspunkt 1. mai utgjer det ein årslønsvekst på 3,6 %. I tillegg har me overheng frå 2022 på om lag 1,3 % samt lønsglidning. Samla kjem lønsveksten såleis over 5 %. KS har sagt at resultatet ligg innanfor ei ramme på 5,4 %. Meirutgift knytt til løn bidrar mykje til avvik på budsjettområda. Meirutgift på lønsområdet inkl pensjon og arbeidsgjevaravgift dempast noko av meirinntekt på sjukeløns- og fødselspengerefusjon, samt av meirinntekt knytt til premieavvik på pensjon. Men premieavvik inntektsførast på sentrale postar (nest siste linja i løyvingsoversynet) og dekker ikkje avvika direkte på dei ulike budsjettområda.

RÅDMANNEN/SENTRALADMINISTRASJON:

Rekneskapsstatus pr 30. april:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30. april	Heilår	i %
8 588 595	16 786 000	51,2 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Utgiftene ligg høgt pr 30. april, men det er vanleg for dette området. Mykje utgift knytt til lisensar, forsikringar, gebyr og kontingentar som gjeld heile året vert betalt og rekneskapsført i 1. tertial. Det same gjeld interkommunale samarbeid.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
------------------	-----------------	-----------------

pr 30. april	Heilår	Heilår
8 588 595	16 786 000	17 124 000

Prognosen er noko høgare enn årsbudsjettet. Meirutgifta knyt seg i hovudsak til lønspostane inkl pensjon og arbeidsgjevaravgift, samt auka utgift til forsikringar. Forsikringane for heile kommunen vert ført på dette budsjettområdet.

Sjukefråvær:

Sjukefråvær for rådmannen/sentraladministrasjonen 1. kvartal 2023 : 2,5 %.

Fråværet omfattar rådmannen sitt område, inkl kundetorg, kommunekasse, kantine, næring og kultur.

KULTUR:

Rekneskapsstatus pr 30. april:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30. april	Heilår	i %
748 915	2 174 575	34,4 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Kultur dekkjer områda kulturarrangement, drift av Bryggjeslottet samt Biblioteket. Sjølv om det totale forbruket for kultursektoren er greitt med eit forbruk på 34,4 %, har me meirutgift på biblioteket og Bryggjeslottet. For det generelle kulturområdet med løyvingar til arrangement og anna er hovuddelen av utgiftene knytt til Modalsdagane. Arrangementet er under planlegging og det meste er bestilt, men lite utgifter er påløpt/rekneskapsført til no. Det er planlagt utifrå ei ramme på om lag kr 400 000 til arrangementet, men vil nok komme noko over dette. Meirforbruk på biblioteket knyt seg til kjøp av nye bokhyller. Desse vart bestilt og skulle vore med på fjorårets budsjett/rekneskap, men vart levert i januar. Det påløper òg kursutgifter i samband med krav til bibliotekfagleg utdanning som vil bli tre gongar meir enn det som vart avsett i budsjettet.

Årsak til meirutgift for Bryggjeslottet er endringar knytt til talet på badevaktar under offentleg bading. Dette vart innført etter drukningsulukka i februar. Me vil gå tilbake til ordinær ordning med to badevaktar frå 1. juli. Det er òg redusert inntekt på Bryggjeslottet.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30. april	Heilår	Heilår
748 915	2 174 575	2 574 575

Sjå kommentarar over knytt til meirutgift for biblioteket og Bryggjeslottet. Utover dette er det òg meirutgift knytt til lønspostane inkl pensjon og arbeidsgjevaravgift. Samla meirutgift/mindreinntekt for området reknast til kr 400 000, og prognosen setjast til kr 2,57 millionar ved årsslutt.

Sjukefråvær:

Sjukefråvær for Kultur er oppgjeve saman med rådmannen/sentraladministrasjon.

NÆRING:**Rekneskapsstatus pr 30. april:**

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30. april	Heilår	i %
949 790	4 299 701	22,1 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Drifta og dei løpande utgiftene er i tråd med kva som er venta. Det er sett i gong revisjon av strategisk næringsplan.

Det er gjort vedtak i kommunestyret om budsjettendring knytt til tilskot frå næringsfondet med kr 1 500 000 , jfr KS vedtak 008/2023. Løyvinga er med det auka frå kr 2 799 701 til kr 4 299 701.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30. april	Heilår	Heilår
949 790	4 299 701	4 299 701

Kommunestyret vedtok i møtet 23.02.2023 budsjettendring knytt til tilskot frå næringsfondet. Det er likevel ikkje venta at ein nyttar heile budsjettet i næringsfondet. Det er eit ønskje om å bygge opp ein større buffer til framtidig prioritert bruk jfr revidert strategisk næringsplan som er under arbeid i

2023. Dette er likevel usikkert og prognosen vert sett lik årsbudsjettet.

Sjukefråvær:

Sjukefråvær for næringsområdet er oppgjeve saman med rådmannen/sentraladm. Det er kun deler av ei stilling som knyt seg til dette budsjettområdet.

SOSIAL OG BARNEVERN:

Rekneskapsstatus pr 30. april:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30. april	Heilår	i %
1 032 478	1 915 980	53,9 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Dette er eit område med store endringar i høve til vedteke budsjett. I tillegg til NAV/sosialteneste med sosialstønad og barnevernsteneste med utgifter til tiltak, omfattar området flyktningetenesta. Det er så langt busett 11 flyktningar. Det påløper såleis utgifter til busetjing og integrering av desse, herunder vaksenopplæring. Desse utgiftene førast på dette budsjettområdet. Integrasjonstilskotet som er det største tilskotet til finansiering av utgiftene til flyktningar vert rekneskapsført på posten Andre generelle driftsinntekter og inngår såleis ikkje i nettobeløpet til Sosial og barnevern (Sjå kommentar over under overskrifta Andre generelle driftsinntekter). Det er gjort vedtak i kommunestyret om å busetje fleire flyktningar, men me veit ikkje kor mange og kor tid fleire flyktningar evt kjem, så det er ikkje innbakt utgifter og inntekter knytt til dette i prognosane.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30. april	Heilår	Heilår
1 032 478	1 915 980	4 833 750

Prognosen for 2023 framkjem etter ein gjennomgang av faktiske og venta utgifter knytt til integrering og busetjing av flyktningar inklusiv introduksjonsstønad, sosialteneste og -stønad, barnevernsteneste og -tiltak samt skjenkekontroll. Årsprognosen reknast pr i dag til kr 4,8 millionar.

Sjukefråvær:

Det er kun deltidstillingar knytt til området og fråværet oppgjevast saman med rådmannen/sentraladministrasjon.

SKULE:

Rekneskapsstatus pr 30. april:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30. april	Heilår	i %
4 886 676	13 385 500	36,5 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Forbruket ved Mo skule er om lag som venta samanlikna med tidlegare år. Forbruket er i tråd med forventningane, og det er ikkje kjente endringar dette året.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30. april	Heilår	Heilår
4 886 676	13 385 500	13 685 500

Meirutgift knyt seg i hovudsak til lønspostane inkl pensjon og arbeidsgjevaravgift.

Sjukefråvær:

Sjukefråværsprosent for Mo skule 1. tertial: 6,4 %

Sjukefråværet har gått litt ned siste tertial. Det er venta at det går enno meir ned resten av året. Det har vore noko høgt langtidsfråvær. Dette er det kontroll på, og tiltak er sett i verk med bra resultat. Korttidsfråværet er svært lågt.

BARNEHAGE:

Rekneskapsstatus pr 30. april:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30. april	Heilår	i %
2 183 053	6 780 410	32,2

Status/utfordringar/kort om drifta:

Drifta er i balanse i høve til budsjettet. Drifta ser ut til å verta lik neste barnehageår 2023/2024. Barnehageåret og budsjettåret fylgjer ikkje kvarandre.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30. april	Heilår	Heilår
2 183 053	6 780 410	6 660 410

Sjukefråvær:

Sjukefråværsprosent for barnehagen 1. tertial: 9,3 %

Sjukefråværet har gått ned, men framleis er det eit noko høgt sjukefråvær. Endringa no er at det ikkje er langtidsfråværet som er høgt. Det er fråvær frå 11-40 dagar. Dei fleste er innanfor arbeidsgjevarperioden.

Alle sjukemeldte vert fulgt opp. Barnehagen har hatt samarbeid med tillitsvalt, verneombod og NAV og arbeidar systematisk for å få ned sjukefråværet. Bedriftshelsetenesta Salutis har vore i barnehagen og rettleia i høve til ergonomi.

PLEIE OG OMSORG:

Rekneskapsstatus pr 30. april:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30. april	Heilår	i %
6 763 189	17 124 875	39,5 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Utgifter:

Området har høgt forbruk på utgiftssida. Det er nytta vikarbyrå i 2 vakante sjukepleiarstillingar. Det er utlyst stillingar og tilsett 4 sjukepleiarar frå juni/juli –2 av dei i ledige stillingar.

Drifta har auka når det gjeld talet på brukarar på Modalstunet, noko som gjev behov for auka personale på helger/høgtid for å kunne dekke tenestetilboda forsvarleg. Det har vore ressurskrevjande brukar frå januar, som har behov for 2 personale i døgnet. Dette har gjeve auka lønskostnader hittil i år.

I samband med implementering av ØHD-plasser (Øyeblikkeleg hjelp døgnplassar) på Modalstunet frå 01.01.23, er det tilsett 1 sjukepleiar for forsvarleg drift til lovpålagt tilbod i kommunen. Tidlegare har det vore kjøpt plassar i samarbeid med Alver kommune, som har sagt opp avtalen frå januar 2023. Det gjer at me må drive ØHD-plassar i eigen kommune.

Ass pleie- og omsorgsleiar vert frå hausten teke ut til administrative oppgåver, då nytt journalsystem skal implementerast i drifta og det er behov for opplæring. Pleie- og omsorg forvaltar òg tenester knytt til Helsesenteret. I tillegg er det knytt nye oppgåver til administrasjon i høve implementering av digitale verktøy, som mobil omsorg, velferdsteknologi mm. 1 sjukepleiar som er tilsett går inn i drifta for ass.leiar resten av året.

Dei to ekstra stillingane vil gje auka lønsutgifter for å dekke forsvarleg drift.

Det er laga ny årsturnus med rekrutteringstillegg, langvakter (avtalefesta tillegg), pendlar-/butilskot og utdanningsstøtte som gjev auka utgifter.

Det er ein auke i avtalefesta tillegg ut frå justeringar frå 01.01.23 sentralt, som ikkje var teke høgde for i budsjettet. I tillegg vil avtalefesta tillegg auke på grunn av tilsetting av sjukepleiarar.

Det er auke i omsorgslønn, støttekontakt.

Innkjøp av utstyr til ØHD vil gje utslag, då det ikkje var teke med i budsjettet. Treng innkjøp av EKG og diverse anna utstyr for ØHD tilbodet i kommunen.

Det kan verte auke i tenester i heimetenesta til ressurskrevjande brukar, der me ikkje kan søkje refusjon frå staten. Dette vil i så fall gje auka utgifter. Førebels kan ikkje ein setje kostnad, då det først vert avklart medio juni.

Det er gjort innkjøp av vaskemaskin til vaskeriet med ein kostnad på nesten kr 180 000. Dette var ikkje planlagt, og lagt i budsjettet, men det vart vurdert å vere rett då det ikkje ville svare seg å reparere den gamle.

Inntekter:

2 leigeplasser til Alver er avtalt ut året. Det er budsjettert med ytterlegare ein halv plass, det vil seie ein leigeplass til i eit halvår. Det er stor usikkerhet om det lar seg gjere.

Det er lågare inntekt frå sjukeløns- / fødselspengerefusjon.

Det er auka inntekt frå brukarar på institusjon, knytt til auke i talet på brukarar.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30. april	Heilår	Heilår
6 809 248	17 124 875	21 424 875

Førebels prognose er sett til netto kr 21,4 millionar, basert på dei driftsmessige og økonomiske utfordringane som er skildra over. Evt auka heimetenestekostnad som skildra over er ikkje avklara og innbakt i prognosane. Omlag kr 2,6 millionar knyt seg til lønspostane inkl pensjon og arbeidsgjevaravgift.

Sjukefråvær:

Sjukefråværsprosenten for pleie og omsorg 1. tertial: 13,6 %

Største prosenten er langtidsfråvær, der det har vore 100 % stillingar ute i sjukefråvær. Me venter reduksjon i sjukefråværet etter juni måned. Fråværet vert fulgt opp i høve til IA-avtalen. Har månedlege møter med HTV og verneombod i høve oppfølging og tiltak.

KOMMUNELEGE:

Rekneskapsstatus pr 30. april:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30. april	Heilår	i %
3 266 751	8 632 049	37,8 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Forbruket pr 1.tertial er som forventa.

Inntekt frå Helfo er førebels mindre enn forventa, dette kan skuldast noko etterslep. Det kan òg vere

at me ikkje greier å få inn like mykje inntekter på legekantoret i år som tidlegare år, då me ikkje vaksinerer like mykje.

Kurs- og reisebudsjettet er allereide brukt opp. Det knyt seg til deltaking på eit flott lungekurs som tre frå helseininga reiste på i Trondheim.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30. april	Heilår	Heilår
3 266 751	8 632 049	8 882 049

Meirutgift knyt seg i hovudsak til lønspostane inkl pensjon og arbeidsgjevaravgift.

Sjuefråvær:

Sjuefråværsprosenten for Kommunelege/helsesenter pr 1. tertial: 17,3 %.

Høg prosent er som venta denne perioden, og i hovudsak knytt til ein lengre sjukmeldingsperiode.

TEKNISK ETAT:

Rekneskapsstatus pr 30. april:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30. april	Heilår	i %
5 942 289	15 173 318	39,1 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Tekniske tenester har eit forbruk på om lag 37 % etter dei 4 fyrste månadene. Det er noko høgt i høve til kva det burde liggje på. Årsaken er mellom anna prisauke, auka vedlikehald av eldre bygningsmasse, samt veg, vatn og avlaup.

Det er ikkje vesentlege avvik på inntektssida, slik det ser ut førebels.

Det er vanskeleg å sjå for seg at rekneskapsen held i høve gjeldande løyving for 2023.

Reinhald har eit forbruk på om lag 42 %. Grunnen til det høge forbruket er auka utgifter til løn/vikarar og sjukevikarar. Reinhaldsbehovet har auka i kommunen. Talet på m2 som skal

reinhaldast har auka, og det er meir aktivitet på einingane. Kommunen har òg teke på seg reinhald for private firma. Det er behov for å justere budsjettet til reinhald. Pristigning på innkjøp av varer og tenester gjer at utgiftene på reinhald vert større enn berekna.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30. april	Heilår	Heilår
5 942 289	15 173 318	16 963 318

Det er auka behov for midlar til vedlikehald av bustader, kommunale vegar og rekreasjon i tettstad. De kommunale bustadene, er gamle og treng meir oppgradering, som nytt bad, kjøkken, nye vindauge, etterisolering og maling for å synleggjere noko. Kommunale veger, treng midlar til asfalt, grusing, feiing av vegar, innkjøp av salt, grøfting, kantklipping, brøyting, samt kontroll av bruer. Det må lysast ut brøyteanbod i 2023, noko som gjer at kostnaden for brøyting truleg vil auke. Ut i frå ein vurdering av rekneskap, driftssituasjon og heilårsbudsjett, er det venta avvik mellom rekneskap og budsjettet når året er slutt.

Samla avvik for året stipulerast til kr 1,8 millionar.

Sjuefråvær:

Sjuefråværsprosenten for teknisk 1. tertial: 8,4 %

På Tekniske tenester er fråværet redusert samanlikna med forrige året. Det er både langtidsfråvær og kortidsfråvær.

Innan reinhald er det høgare fråvær. Det er noko korttidsfråvær, men for det meste langtidsfråvær.

Tiltak: Fokus på god kommunikasjon, tilretteleggjing og innkjøp av maskiner som kan lette arbeidet, mellom anna innarbeiding av nye rutiner på arbeidsplassen.

SENTRALE POSTAR:

Hovuddelen av postane på linja Sentrale postar i Løyvingsoversyn drift er inntektspostar, og gjeld premieavvik knytt til pensjon og mva-kompensasjon.

- Budsjett 2023 kr 8 192 340
- Prognose 2023 kr 10 303 730

Meirinntekt mva-kompensasjon kr 0,3 millionar

Meirinntekt premieavvik kr 1,8 millionar

Meirinntekt knytt til premieavvik baserer seg på oppdaterte prognosar frå KLP. Meirinntekta på denne posten er med på å dekke meirutgift knytt til pensjon på dei ulike budsjettområda.

SMÅINVESTERINGAR:

I opprinneleg vedteke budsjett for 2023 vart det løyvd samla kr 1 370 000 til tiltaka under. I KS-sak 024/2023 vart det vedteke endringar i småinvesteringane, slik at samla løyving er redusert til kr 1 070 000.

	Rekneskap	Justert budsj	Oppr budsj	Kommentar
Utstyr til Modalstunet	49 005	100 000	100 000	Innkjøp pågår
Kommunale veger		500 000	500 000	Under arbeid
IKT utstyr til Mo skule	80 580	100 000	100 000	Innkjøp pågår
Innkjøp av møbler til Helsesenteret	8 332	-	100 000	
Grunnundersøkingar på Mo		-	500 000	
Utstyr og inventar til ungdomslokale	68 419	70 000	70 000	Ferdig
Mo 36 - oppgradering	91 694	300 000	-	Under arbeid
Sum småinvesteringar	298 030	1 070 000	1 370 000	

INVESTERINGAR:

Det vart gjort endringar i investeringsbudsjettet i KS-sak 024/2023. Mange løyvingar vart omdisponert til å finansiere auka utgifter knytt til Bowling ved Bryggjeslottet og Ventilasjon på Modalstunet. Det er såleis kun løyvingar til 3 prosjekt igjen i 2023, med ei samla utgiftsløyving på kr 5 470 000. Sjå under.

	Rekneskap	Justert budsjett	Budsjett
Rassikring Kleivane	61 875		0
Nytt ventilasjonsanlegg Modalstunet	89 202	2 400 000	800 000
Pergola til barnehagen		0	100 000
Oppgradering av kommunale bygg		0	300 000
Diverse investeringar innan vatn og avlaup		0	400 000
Turvegar		250 000	250 000
Uforesette investeringar		0	200 000
Mo skule - Pergola	53 188		0

Uteområde Mo skule		0	500 000
Oppgradering av Bowling på Bryggjeslottet	65 783	2 820 000	1 300 000
Ladepunkt for el-bil ved parkeringsplass Modalstunet		0	160 000
Sum	270 048	5 470 000	4 010 000

Kjem tilbake til evt behov for justering i samband med 2. tertial.

FINANS

<u>Likviditet:</u>				
Bankinnskot:	Rente 30.4:	Balanseko:	30.04.2023	31.12.2022
Skagerrak sparebank	1,90 %	210320017	496 624	496 624
DnB	0,10 %	210300003	6 515	6 521
Sp Vest (fleire konti)	3,74 %	210320000-210320003	14 159 207	12 918 014
Kontantar	0,00 %	210000000	18 042	23 049
Skattetrekksskonto	0,65 %	210070000	2 644 520	2 141 762
Legatkonto	3,74 %	210300004	260 381	260 381
Sum kasse, bankinnskot			17 585 289	15 846 351
	Omrekna			
Pengemarknadsfond:	til årsavkastn.			
Pluss likviditet				
Pluss kort likviditet	3,80 %	218430002	5 469 924	2 469 924
KLP Likviditet P	3,90 %	218430003	9 098 220	6 098 220
		Totalt	32 153 433	24 414 494

Kommentar:
Driftskontoen til kommunen er i Sparebanken Vest. Reglementet avgrensar kor mykje ein kan ha inneståande i ein bank til kr 15 millionar.
Rentevilkåra er for tida låge, grunna lågt generelt rentenivå.
Me ventar framleis stigande rentenivå framover.

<u>Gjeld:</u>				
		Balanseko	Saldo 30.04.23	Saldo 31.12.22
KLP		245355000	31 148 600	31 617 000
Flytande lånerente. 3M Nibor + 0,25 %	Ny endring: 01.07		3,95 %	3,15 %
Kommunalbanken 20200345		245355000	16 157 150	16 405 720
Flytande lånerente. 3M Nibor + 0,6 %	Endra 25.05: 4,42 %		3,91 %	4,08 %

Kommunalbanken 20060606		245355000	12 378 346	12 433 020
Flytande lånerente siste endring. Pt rente.			4,35 %	3,95 %
Kommunalbanken 20050816		245355000	115 470	115 470
Flytande lånerente siste endring. Pt rente.			4,35 %	3,95 %
Husbanken - formidlingslån		245395000	11 691 621	11 897 670
Lånerente siste endring	Endra mai: 2,96 %		2,76 %	1,73 %
Husbanken - oppføringslån				
Lånerente siste endring				
3 M Nibor (30.04):	3,74 %			3,26 %

Betalt avdrag 2023	690	1 145	Utanom formidlingslån	
Budsjettetert avdrag 2023	000	2 500		
Utrekna minimumsavdrag 2023	893	2 418		
Føresetnad for utrekning av minimumsavdraget:				
Avskrivning 2023	000	7 668		
Lånegjeld 1.1. 23	210	60 571		
Verdi av avskrivbare varige dr.midler 1.1.23	456	192 013		
Vekta gj.snittleg løpetid	25		år	

Kommentar:
Det er førebels ikkje teke opp formidlingslån frå Husbanken i 2023.
Det er ikkje teke opp investeringslån i 2023.
Gjelda til Modalen kommune er moderat i høve til kommunen si evne til å betale renter og avdrag
Me ventar framleis stigande rentenivå framover.
Modalen kommune betalar avdrag noko over minimumskrava som Kommunelova set.
Langsiktige finansielle aktiva:
Kommunen har ingen midlar pr dato som er definert som langsiktige finansielle aktiva.

SJUKEFRÅVÆR:

Sjå kommentar under dei einskilde budsjettområda. Fråværsprosenten for perioden er samla 10,6 %.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at rapporten vert teke til orientering, og at drifts- og investeringsbudsjettet vert justert. Som nemnt lenger oppe i rapporten vert det tilrådd å justere løyvingane for å ha eit mest mogleg realistisk budsjett i høve til gjeldande drift. Men det vert tilrådd noko innstramming på løyvingane i høve til prognosane for å kunne få eit litt betre driftsresultat enn prognosane tilseier, samt å kunne ha meir igjen i disposisjonsfondsmidlar ved årsslutt.

Framlegget til justeringar vil gje eit budsjettert netto driftsresultat på om lag kr 1,6 millionar. Med ei drift i tråd med dette vil disposisjonsfondsmidlane vere på om lag kr 2,1 millionar ved neste årsskifte, mot om lag kr 5 millionar ved førre årsskifte. Strengt tatt burde utgiftene vorte halde enno lenger nede, og resultatet høgare. Men slik situasjonen er no, vil det vere utfordrande nok å drive i tråd med framlegget til justerte løyvingar. I skrivande stund er me straks ferdig med mai. Saka skal handsamast i juni og me nærmar oss ferietid. Det er såleis avgrensa tid til å spare inn på pengebruken. Mykje av utgiftene er bunde opp i faste lønsutgifter, avtalefesta utgifter og andre utgifter me ikkje kjem utanom, i alle fall på kort sikt.

Framlegg til justering drift:

			Jan-april	
	Justering	Prognose	Rekneskap	Justert budsj
Løyvingsoversyn - drift	2023	2023	2023	2023
Rammetilskudd	26 200 000	26 000 000	10 764 071	25 400 000
Inntekts- og formueskatt	14 300 000	14 300 000	11 110 557	14 233 000
Eiendomsskatt	26 560 000	26 560 000	13 282 435	26 100 000
Andre generelle driftsinntekter	25 100 000	25 078 000	2 119 500	21 890 000
Sum generelle driftsinntekter	92 160 000	91 938 000	37 276 563	87 623 000
Sum bevilgninger drift, netto	85 865 971	87 214 885	33 386 181	79 150 505
Avskrivninger	7 668 000	7 668 000	0	7 700 000
Sum netto driftsutgifter	93 533 971	94 882 885	33 386 181	86 850 505
Brutto driftsresultat	-1 373 971	-2 944 885	3 890 382	772 495
Renteinntekter	400 000	400 000	144 173	366 300
Gevinst på finansielle omløpsmidl.	500 000	500 000	0	200 000
Renteutgifter	3 100 000	3 100 000	1 044 907	2 870 100
Avdrag på lån	2 500 000	2 500 000	1 145 960	2 500 000
Netto finansutgifter	-4 700 000	-4 700 000	-2 046 694	-4 803 800
Motpost avskrivninger	7 668 000	7 668 000	0	7 700 000

Netto driftsresultat	1 594 029	23 115	1 843 688	3 668 695

			Jan-april	
Disponering eller dekning	Justering	Prognose	Rekneskap	Justert budsj
av netto driftsresultat	2023	2023	2023	2023
Overføring til investering	4 524 000	4 524 000	0	4 524 000
Avs til bundne driftsfond	24 800	24 800	66 252	24 800
Bruk av bundne driftsfond	-121 600	-121 600	-86 447	-121 600
Avs til disp fond	6 465 500	6 465 500	0	8 636 396
Bruk av disp fond	-9 298 671	-10 869 585	0	-9 394 901
Sum disponering	1 594 029	23 115	1 843 688	3 668 695
			Jan-april	
Løyving pr budsjettområde:	Justering	Prognose	Rekneskap	Justert budsj
	2023	2023	2023	2023
Rådmannen/sentraladm	16 900 000	17 124 437	8 588 595	16 786 437
Kultur	2 500 000	2 574 575	748 915	2 174 575
Næring	4 299 701	4 299 701	949 790	4 299 701
Sosial og barnevern	4 800 000	4 833 750	1 032 478	1 915 980
Skule	13 500 000	13 685 500	4 886 676	13 385 500
Barnehage	6 550 000	6 660 410	2 183 053	6 780 410
Pleie og omsorg	21 200 000	21 424 875	6 763 189	17 124 875
Kommunelege	8 850 000	8 882 049	3 266 751	8 632 049
Teknisk	16 500 000	16 963 318	5 942 289	15 173 318
Sentrale postar	-10 303 730	-10 303 730	-1 385 100	-8 192 340
Småinvesteringar	1 070 000	1 070 000	409 545	1 070 000
	85 865 971	87 214 885	33 386 181	79 150 505

Formannskapet - 027/2023

FOR - behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om økonomirapport per 1. tertial for 2023:

- Status for budsjettområda og tilrådde justeringar
- Prognosane viser ein større auke i utgift enn inntekt, mellom anna grunna eit høgt lønsoppgjær med samla lønsvekst over 5 %, og prognosen er eit netto driftsresultat på om lag 0 kr
- Prognose for disposisjonsfondsmidlar per 31.12.23 er på kr 0,6 mill
- Avviksprognoser knytt til budsjettområda vart gjennomgått.

Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Driftsbudsjettet for 2023 vert justert i tråd med kolonna Justering i Løyvingsoversyn – drift, under:

			Jan-april	
	Justering	Prognose	Rekneskap	Justert budsj
Løyvingsoversyn - drift	2023	2023	2023	2023
Rammetilskudd	26 200 000	26 000 000	10 764 071	25 400 000
Inntekts- og formueskatt	14 300 000	14 300 000	11 110 557	14 233 000
Eiendomsskatt	26 560 000	26 560 000	13 282 435	26 100 000
Andre generelle driftsinntekter	25 100 000	25 078 000	2 119 500	21 890 000
Sum generelle driftsinntekter	92 160 000	91 938 000	37 276 563	87 623 000
Sum bevilgninger drift, netto	85 865 971	87 214 885	33 386 181	79 150 505
Avskrivninger	7 668 000	7 668 000	0	7 700 000
Sum netto driftsutgifter	93 533 971	94 882 885	33 386 181	86 850 505
Brutto driftsresultat	-1 373 971	-2 944 885	3 890 382	772 495
Renteinntekter	400 000	400 000	144 173	366 300
Gevinst på finansielle omløpsmidl.	500 000	500 000	0	200 000
Renteutgifter	3 100 000	3 100 000	1 044 907	2 870 100
Avdrag på lån	2 500 000	2 500 000	1 145 960	2 500 000
Netto finansutgifter	-4 700 000	-4 700 000	-2 046 694	-4 803 800
Motpost avskrivninger	7 668 000	7 668 000	0	7 700 000
Netto driftsresultat	1 594 029	23 115	1 843 688	3 668 695

			Jan-april	
Disponering eller dekning	Justering	Prognose	Rekneskap	Justert budsj
av netto driftsresultat	2023	2023	2023	2023
Overføring til investering	4 524 000	4 524 000	0	4 524 000
Avs til bundne driftsfond	24 800	24 800	66 252	24 800
Bruk av bundne driftsfond	-121 600	-121 600	-86 447	-121 600
Avs til disp fond	6 465 500	6 465 500	0	8 636 396
Bruk av disp fond	-9 298 671	-10 869 585	0	-9 394 901
Sum disponering	1 594 029	23 115	1 843 688	3 668 695

			Jan-april	
Løyving pr budsjettområde:	Justering	Prognose	Rekneskap	Justert budsj
	2023	2023	2023	2023
Rådmannen/sentraladm	16 900 000	17 124 437	8 588 595	16 786 437
Kultur	2 500 000	2 574 575	748 915	2 174 575
Næring	4 299 701	4 299 701	949 790	4 299 701
Sosial og barnevern	4 800 000	4 833 750	1 032 478	1 915 980
Skule	13 500 000	13 685 500	4 886 676	13 385 500
Barnehage	6 550 000	6 660 410	2 183 053	6 780 410
Pleie og omsorg	21 200 000	21 424 875	6 763 189	17 124 875
Kommunelege	8 850 000	8 882 049	3 266 751	8 632 049
Teknisk	16 500 000	16 963 318	5 942 289	15 173 318
Sentrale postar	-10 303 730	-10 303 730	-1 385 100	-8 192 340
Småinvesteringar	1 070 000	1 070 000	409 545	1 070 000

	85 865 971	87 214 885	33 386 181	79 150 505

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FA-L83	22/120

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
033/2023	Kommunestyret	PS	15.06.2023

Kyrkjelydstomta på Mo gnr.76 bnr. 99 - moglegheitsstudie/skisseprosjekt

Forslag til vedtak:

Rådmannen legg saka fram for kommunestyret utan framlegg til vedtak. Rådmannen tilrår at kommunestyret vel framlegg til alternativ for vidare prosess.

Alternativ 1.

Modalen kommune står sjølv som utbyggjar. Modalen kommunen går vidare med moglegheitsstudie og set dette som ei ramme for prosjektet.

Alternativ 2.

Modalen kommunen sel tomta til privat utbyggjar med moglegheitsstudie/skisseprosjekt utarbeida av arkitektkontoret Stiv kuling AS, som ramme for prosjektet. Kommunen kjøper 2 av bustadene. Det vil bli utarbeidda ein klausul for prosjektet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Modalen kommune ynskjer å omdisponera tomt regulert til kyrkjelydshus til bustader. Det vil dekkje

noko av behovet til kommunen.

Vurdering

Det er gjort vedtak om at kommunen skal omregulera Kyrkjelydstomta, for å byggje bustader. Kr. 250 000 til omregulering er løyvd i kommunestyret sak 027/22.

Reguleringsstatus :

Etter sonderinger internt i kommunen synest det som endra formål, kan gjennomførast som søknad om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan etter plan- og bygningslova § 19-2. Tiltaket er av avgrensa storleik, og området er allereie regulert til utbygging, så endringa er avgrensa til kva formål det skal byggjast for, og eventuelt utnyttingsgrad på tomta. Dermed vert omregulering unngått.

I kommunestyre Sak 010/2023 vart det avklart at det ikkje er naudsynt med ein omregulering av tomta, då dette er eit mindre tiltak, og at denne kan handsamast som ein disposisjonssak. Det var difor gjort eit vedtak om at ein nyttar løyvde midlar til ein «minikonkurranse», for å møte behova og ynskje for nye bueiningar på Kyrkjelydstomta.

Modalen kommune utlyste ein «minikonkurranse» for å fremskaffe eit moglegheitsstudie/skisseprosjekt. Arkitektkontoret Stiv Kuling AS frå Sogndal vant konkurransen.

For at omdisponering av kyrkjelydstomten kjem kommunen i møte på behov og ynskje, bør søknad om dispensasjon vert basert på visualisering og potencialet av tomta. Det er ynskjeleg at inntil 4 bueiningar på 50 – 60 m² kan innpassast på tomta, som er på 1.225 m². I tillegg vert køyreareal avsett, og parkering for bil og sykklar. Bustadene skal tilfredsstillast Husbanken sine krav til livsløpsbustader. Det er ynskjeleg å leggja til rette for fellesskap mellom bebuarane og lokalmiljøet. Det er ynskjeleg at nybygg reflekterer funksjonell tradisjon i vid forstand, basert på eigenarten til staden med omsyn til formspråk og materialbruk, og dessutan nærleik til Mo kyrkje.

Stiv Kuling leverte inn eit moglegheitsstudie innan fristen 12.05.2023. Administrasjonen syner Stiv Kuling AS har svart på oppgåva med eit tilforlatteleg fint prosjekt. Prosjektet vil passe fint inn på kyrkjelydstomten, ilag med Mo kyrkje som nærmaste nabo, og dei omkringliggjande bustadene i Mo sentrum.

Konklusjon

Rådmannen legg saka fram for kommunestyret utan framlegg til vedtak. Rådmannen tilrår at kommunestyret vel framlegg til alternativ for vidare prosess.

Alternativ 1.

Modalen kommune står sjølv som utbyggjar. Modalen kommunen går vidare med moglegheitsstudie og set dette som ei ramme for prosjektet.

Alternativ 2.

Modalen kommunen sel tomta til privat utbyggjar med moglegheitsstudie/skisseprosjekt utarbeida av arkitektkontoret Stiv kuling AS som ramme for prosjektet. Kommunen kjøper 2 av bustadene. Det vil bli utarbeidda ein klausul for prosjektet.

Om kommunen sjølv skal stå som utbyggjar kan ein sjå for seg ulike alternativ til finansiering.

1. Tilskot/lån frå Husbanken. 2. Selje nokon av dei eksisterande kommunale bustadene for å skaffe

midlar til å byggje nytt. 3. Ein kombinasjon av tilskot/lån/sal av eksisterande kommunale bustader.

Vedlegg:

Moglegheitsstudie / skisseprosjekt

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Siren Bruvik Øvre-Helland		23/189

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
034/2023	Kommunestyret	PS	15.06.2023

Turveg - Dagsturhytta

Forslag til vedtak:

Rådmannen tilrår at dei kr 250 000 som vart løyvde til turveg i budsjett- og økonomiplanen for 2023-2026 vert overført til Modalen idrettslag. Idrettslaget vert prosjektansvarleg i arbeidet med oppgradering av turvegen inn til dagsturhytta.

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Olav Nygard bu, som er plassert ved Steinavatnet i Stølsheimen, hadde offisiell opning 11. juni 2022. Dette er blitt eit populært turmål, sumar vel som vinter. For å gjere turen tilgjengeleg for fleire, er det naudsynt å gjere oppgraderingar av turvegen på høgre side av Steinavatnet. Dette vil vere eit viktig folkehelseiltak for alle aldersgrupper. I økonomiplanen vart det for 2023 satt av kr 250 000 til opparbeiding av turveg inn til dagsturhytta. Desse løyvingane må òg sjåast i samanheng med tiltak i

Kulturplanen 2020-2029 som omfattar turvegar, turstiar og sykkelvegar.

Me ynskjer at Modalen idrettslag skal stå som prosjektansvarleg i dette arbeidet. Utbetring av turvegen vil vere eit samarbeid mellom Modalen kommune og Modalen idrettslag.

Vurdering:

Å ha eit frivillig lag eller organisasjon som prosjektansvarleg vil gi moglegheiter for tildeling av ulike tilskotsordningar. Modalen idrettslag vil ha moglegheit til å søkje på tilskotsmidlar frå offentlege instansar, samt frå private fond og stiftelsar. Moglegheita for å søkje tilskot til prosjektet vert betydeleg redusert dersom det er Modalen kommune som er prosjektansvarleg. Me ser at andre kommunar som har gjennomført liknande prosjekt har løyst det på same måte.

Det vil bli satt ned ei arbeidsgruppe med representantar frå både Modalen kommune og idrettslaget for å drive prosjektet framover. Dette vil gje auka kapasitet og kunne sikre god framdrift slik at prosjektet kan verte gjennomført.

Me har stor tru på at eit slikt type samarbeid vil vere nyttig. Om dette prosjektet vert ein suksess, vil det kunne vere utgangspunkt for fleire samarbeidsprosjekt mellom kommune og frivillige lag og organisasjonar i framtida.

Konklusjon

Eit samarbeid mellom Modalen kommune og Modalen idrettslag i dette prosjektet vil gje auka moglegheiter for tildeling av tilskot. Me kan dermed få meir ut av dei midlane me har til rådighet og kunne tilretteleggje større delar av strekninga. Rådmannen tilrår at dei kr 250 000 som vart løyvde til turveg i budsjett og økonomiplanen for 2023-2026 vert overført til Modalen idrettslag.

Vilkår: Det vil bli utarbeida ei klausul for prosjektet. Pengane vert øyremerka oppgradering av turvegen inn til dagsturhytta. Om ikkje prosjektet vert gjennomført i tråd med det som vart løyvd til turveg i budsjett og økonomiplan 2023-2026, må pengane tilbakeførast til Modalen kommune. Prosjektet må gjennomførast innan 31.12.23.

Vedlegg:

Avtale mellom Modalen kommune og Modalen idrettslag

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-062	20/174

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
035/2023	Kommunestyret	PS	15.06.2023

Møteplan haust 2023

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek framlegg til møteplan for hausten 2023 slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Sjå vedlagt framlegg til møteplan

Vedlegg:

Møteplan haust 2023